



Odd Gjerde  
Slettevegen 883  
5939 SLETTA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/7499 - 22/79647

Saksbehandlar:  
Roba Al Serhan  
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:  
18.10.2022

## **Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 500/1-10 Gjerde**

**Administrativt vedtak: Saknr: 1154/22**

### **VEDTAK:**

**Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Odd Gjerde dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 21.10.2027 for gbnr 500/1-10 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.**

### **Saka gjeld:**

Foretaket **Odd Gjerde** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 500/1-10.

Søkjer eig 23 daa innmarksbeite, 4 daa fulldyrka og 27 daa overflatedyrka mark.

I søknaden er drifta gjeve opp til 35 vinterfora sauer som går ute heite året. Driftsformen er utgangardrift og det vert difor ikkje samla opp gjødsel. Søkjeren brukar heller ikkje kunstgjødsel.

GDE = 0

### **VURDERING:**

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstentivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE =0)etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

**Regelverk**

Forskrift om gjødselplanlegging.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 22/7499 »

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan  
Rådgjevar Landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Odd Gjerde

Slettevegen 883

5939

SLETTA